



Norges Fiskarlag

Fiskeridirektoratet

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
		Britt Sæle Innebø, 454 76 360	15.09.2025

Regulering av fisket etter sild i Nordsjøen og Skagerrak i 2026

Styret i Sør-Norges Fiskarlag behandla ovannemnde i sitt møte 08.-09.09.2025, og fatta følgjande vedtak:

Styret meiner at det er rett og fornuftig, i ein normalsituasjon, å ha ein haustingsregel frå det eine året til det andre som tilseier at ein ikkje skal endra kvoten meir enn 20% viss kvoten går ned og 25% viss kvoten blir auka, i samsvar med andre fiskeri. Dette er fornuftig både biologisk og marknadsmessig.

Kvotefleksibilitet

Styret i Sør-Norges Fiskarlag ser det som viktig at kvotefleksibilitetsrekneskapet er ferdig snarast mogleg når ein startar på nytt år.

Styret meiner at i forhold til overføring av kvantum mellom år må ein få på plass for 2025 at ein kun kan overføre 10% på gruppenivå, inklusiv 10% på fartøynivå. Praksisen som Fiskeridirektoratet har fulgt tilseier at ein har 20% fleksibilitet. Ein slik praksis gjer at det er svært vanskeleg å ha oversikt over kor stort kvantum gruppa reelt sett har igjen å fiske. Styret vil presisere at ein fortsatt er ueinig i måten overføringa blei gjort mellom 2023 og 2024, og spesielt i forhold til kvantumet ein kunne overføre i forbindelse med kyststatsforhandlingane.

Styret meiner på prinsipielt grunnlag at ein må unngå fangst utover 110% på fartøynivå, inklusiv bifangst, då det ved dagens regulering går utover gruppeknoten påfølgjande år samt eventuelt soneadgang for enkeltfartøy inneverande år. Styret støttar følgjande uttale frå Norges Fiskarlag av 29.10.2025 i forbindelse med innspel for makrellreguleringa for 2025:

Kvotefleksibilitet på fartøynivå utover 110 prosent

Norges Fiskarlag viser til at det i årene 2020–2023 ble det innført en prøveordning på makrell der fiske ut over kvotefleksibilitetsordningen på 110 prosent belastes på fartøynivå og ikke gruppekvoten påfølgende år. Fiskarlaget har konstatert at Nærings- og fiskeridepartementet uten forvarsel og nærmere informasjon til næringen, besluttet å ikke videreførte denne prøveordningen i makrellfisket for 2024. Ordningen er heller ikke evaluert. Fiskarlaget finner denne endringen i reguleringen sterkt beklagelig. Vi mener at prøveordningen der fiske utover kvotefleksibilitetsordningen på 110 prosent på makrell belastes på fartøynivå, var rettferdig og hensiktsmessig. Fiskarlaget krever at departementet revurderer sin avgjørelse og gjeninnfører ordningen med virkning fra og med 2025, og i tillegg gjennomfører en evaluering som planlagt da ordningen ble etablert.

Sekundært meiner styret at det ikkje skal vere lov å gå på ny tur når ein har tatt 100% av årets kvote.

Låssatt fangst utover 110% i lukka gruppe må kunne overførast til anna fartøy i lukka gruppe ved levering til føringsfartøy på lik linje som andre fartøy kan overføre fangst på feltet. Mottakande fartøy må vere eigna, utrusta og bemanna for eige fiske i lukka gruppe.

Farvannsadgang britisk sone

Styret føreset at ein benytter fordelingsnøkkelen i forhold til fordeling av adgangen i britisk sone. I kystgruppa må ein ta med seg at det dei fleste fartøy som deltar i britisk sone er over 15 m.

Styret meiner at Norges Fiskarlag bør utrede ei prøveordning i pelagisk trål om ein bør kunne byte soneadgang mellom fartøy og innad i grupper t.d. i fisket etter makrell og nordsjøsild. Det må gjerast enkelt ved ei meldingsordning til Norges Sildesalgslag eller Fiskeridirektoratet.

Stengingshjemmel for å verne sild under minstemål i Nordsjøen

Styret ser positivt på at om det er mykje sild under minstemål at området blir stengt for ein kortare periode, men ein føreset at:

- eventuell stenging blir foretatt på bakgrunn av tilstrekkeleg antal fangstprøver i det aktuelle området, jf. bruken av orda «...fare for...».
- om det blir fiska på større sild rundt det stengte området før det har gått 7 dagar bør det opnast for prøvefiske i det stengte området på bakgrunn av at nordsjøsild er ein vandrande art og at fangstsamansetninga dermed kan endre seg raskt.

Forvaltinga må òg ha eit system for å sikre opplysningsplikta til dei utøvande fiskarane om kor og tilhøyrande grenser for stenging er.

Styret er på generelt grunnlag bekymra for fisket etter liten nordsjøsild. Kunnskapsgrunnlaget i fisket etter liten nordsjøsild må styrkast og konsekvensar må utredast. Myndigheitene må sikre betre kontroll av fisket.

Ringnot

Styret i Sør-Norges Fiskarlag føreset at ringnotgruppa blir regulert som tidlegare år med faste kvotar.

SUK

Styret i Sør-Norges Fiskarlag føreset at SUK-gruppa blir regulert som tidlegare år med faste kvotar.

I utgangspunktet er fartøya i denne gruppa så store at dei tar kvoten sin, om ikkje andre tilhøve hindrar det. Styret i Sør-Norges Fiskarlag meiner at ein bør setje eventuell refordelingsdato til 01.12.

Trål

Styret i Sør-Norges Fiskarlag føreset at trålgruppa blir regulert som tidlegare år med faste kvotar.

På bakgrunn av den nye forskrifta, som er gjort gjeldande frå 01.01.2024, for prøvetaking av industrifangster ved landing (J-122-2023), blir bifangst avrekna kvote, og ein meiner at ein òg bør kunne ha inntil 20% innblanding av artar ein allerede har kvote ein kan avrekne dette på i m.a. fisket etter tobis. Høstingsforskrifta, § 42 «Bifangst ved fiske med småmasket trål og snurrevad» må då endrast:

Ved fiske etter kolmule og øyepål sør for 64° N er det tillatt å ha inntil 20 % bifangst i vekt av andre arter i de enkelte fangster og ved landing.

Ved fiske etter tobis med mindre maskevidde enn 16 mm er det tillatt å ha inntil 10% bifangst i vekt av andre arter i dei enkelte fangster og ved landing.

Dette vil òg kunne gje ein reduksjon i miljøutslepp og reduserte kostnader for fartøya.

Kyst

Styret meiner at ein må fortsetja samreguleringa Nordsjøen/Skagerrak for kystgruppa.

Styret i Sør-Norges Fiskarlag ser det som viktig at den minste flåten har vilkår som gjer at ein kan gjennomføre eit effektivt fiske når fisken er tilgjengeleg langs kysten.

Overregulering

Styret går òg inn for at ein opprettheld ei gruppe, slik som i makrellreguleringa.

Styret finn etter ei totalvurdering, ut i frå at prinsippa bør vere mest muleg like i dei pelagiske fiskeria at overreguleringa må setjast slik at fiska kvantum harmonere med utdelt kvantum etter faktorar under 15 m – heimels- og største lengde (ca. 20%) kontra gruppa elles (ca. 80%). Ein må ha ein oppdatert tilgjengeleg oversikt som viser årets kvote etter faktorar, fangst avrekna inneverande år og restkvantum for inneverande års kvote enten på Fiskeridirektoratet eller Norges Sildesalgslag si nettside.

Ein føreset at næringa blir rådført i forbindelse med overreguleringsgrad.

Refordeling

Sør-Norges Fiskarlag meiner på generelt grunnlag at reguleringane må leggjast opp slik at kvar gruppe får moglegheit til å fiske sin tildelte kvote, i alle fall 90%. Det blei det ikkje gjort i

2024 for kystgruppa, og kvote blei fordelt til dei andre gruppene grunna sein refordeling. Styresmaktene bør på generelt grunnlag vurdere refordeling 1. i kvar månad frå 1. september.

ID-kvote – kvotesamarbeid – samfiske

Styret i Sør-Norges Fiskarlag uttalte følgjande i forbindelse med uttale (18.08.2025) til «Særlig kvoteordning for den minste fartøy gruppen i pelagiske fiskeri», punkt 3.5 Adgang til å delta i andre ordninger:

... Når det gjelder spørsmålet om ID-kvoteordningen skal kunne kombineres med den tradisjonelle pelagiske samfiskeordningen så er styret er positiv til å tillate en slik kombinasjon.

Styret ønsker imidlertid at det settes en begrensning for å kunne drive samfiske for fartøy som har benyttet seg av ID-kvoteordningen. Styret finner å sette denne grensen på at 2 «ID-kvotelag» kan drive samfiske, dvs. at ett samfiskelag på 2 båter maksimalt kan fiske 4 kvoter.

... Når det gjelder «kvotesamarbeidsordningen» er styret av den prinsipielle mening at den må opphøre når ID-kvoteordningen er på plass, da disse to ordningene «konkurrerer» med hverandre.

Om en velger å fastsette kravet om at begge fartøyene som skal inngå i ID-kvotelaget skal ha samme eier(e) foregående kvoteår, så finner styret det nødvendig å videreføre kvotesamarbeidsordningen for de fartøyer som ikke kan benytte seg av ID-kvoteordningen i en overgangsordning begrenset til 2026. Styret begrunner dette i at det for mange kan være utfordringer å finne egnet fartøy i 2025 for å styrke driftsgrunnlaget sitt i 2026.

Samføring – føringspool-ordninga, kategori 4-fartøy

Styret meiner at samføringsordninga må vidareførast.

I forhold til skriving av landings-/sluttsetel og rapportering ved føring med kategori 4 -fartøy meiner styret at det må gjerast enklare enn i dag.

Britisk sone

Styret går inn for at kvoten i britisk sone for kystgruppa må fastsetjast med eit likt antal tonn per fartøy, slik fleirtalet av lokallaga som uttalte seg i ei intern høyring i Sør-Norges Fiskarlag våren 2025 gjekk inn for. Det er i samsvar med gjeldande regulering i dag.

Fiske med lys ved definerte elvemunningar

Styret vil peike på at ein finn det svært urimeleg at ein ikkje kan drive fiske med lys etter pelagiske artar inn til definerte elvemunningar, eventuelt 100 m frå dei definerte elvemunningane, så lenge ein ikkje får bifangst av laksefisk eller andre artar utover lovleg bifangst. Vidare er det også utfordrande med forskjellig begrensinger i dei forskjellige fylka og at denne informasjonen ikkje er å finne på til dømes Fiskinfo. Styret konstaterer at det har vore vanskeleg for Norges Fiskarlag å få møte med rette instans. Då det er ei svært viktig sak

for den minste kystflåten i vårt område ser ein det som viktig at Norges Fiskarlag følgjer opp saka igjen.

Levering direkte frå not

Styret forutset permanent fritak frå krav til låssetting i notfiske.

Open gruppe (kyst)

Styret i Sør-Norges Fiskarlag meiner på prinsipielt grunnlag at både not og garn må gjevast kvote vesentleg lavare enn lavaste garanterte enhet i lukka gruppe.

Med helsing
Sør-Norges Fiskarlag

Janita Arhaug
Dagleg leiar

Britt Sæle Instebo

Kopi: Nord Fiskarlag
Fiskebåt

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.